

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.10.2019
SAKSHANDSAMAR: Hans Kristian Stenby
SAKA GJELD: **Intensjonsavtale mellom Helse Vest RHF og KS Vest-Norge**

ARKIVSAK: 2019/7593
STYRESAK: 113/19

STYREMØTE: 07.11. 2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner vedlagte forslag til intensjonsavtale med KS Vest-Norge om samhandling.

Oppsummering

I samband med samhandlingsreforma blei det inngått ein intensjonsavtale mellom Helse Vest RHF og KS i dei tre fylka i regionen. Avtalen har vore jamleg revidert.

Formålet med samhandlingsreforma er å bidra til tidleg hjelp, heilskap og samanheng og ei berekraftig helseteneste.

Partane vil kvart år prioritere område som det skal samarbeidast særskilt om. I denne avtalen er det peika på 3 slike område:

- «Barn og unges helseteneste» i Helse Fonna – utvikle tilsvarande samhandlingsforløp for barn og unge i alle føretaksområda i regionen.
- Utdanning og rekruttering av helsepersonell.
- Digitalisering av helsetenestene i tråd med nasjonale strategiar, føringar og løysingar

Fakta

Samhandlingsreforma som ei retningsreform blei innleia i 2012.

Formålet med Samhandlingsreforma er å bidra til tidleg hjelp, heilskap og samanheng i tenestene og ei meir berekraftig helseteneste.

Som ledd i reforma blei det tatt i bruk både juridiske og økonomiske verkemedel for å styrke samarbeidet mellom kommunane og helseføretaka.

Samarbeidsavtalar blei lovpålagt, betaling for utskrivingsklare pasientar innført og kommunale plassar for øyeblikkeleg hjelp blei gradvis etablert.

Det er såleis utvikla eit omfattande avtaleverk mellom helseføretaka og kommunane i føretaket sitt opptaksområde som jamleg blir revidert. Det er likeeins oppretta ulike samarbeidsorgan mellom kommunane og helseføretaka.

Det er helseføretaka som er part i desse avtalene.

For å styrke samarbeidet på regionalt nivå blei det inngått ein intensjonsavtale mellom Helse Vest RHF og KS i dei tre fylka.

I samarbeid med KS er det tatt initiativ til ei revidering og justering av denne avtalen.

Avtalen blir her lagt fram for styret til behandling.

Kommentarar

I samband med samhandlingsreforma blei det inngått ein intensjonsavtale mellom Helse Vest RHF og KS i dei tre fylka i regionen. Avtalen har vore jamleg revidert.

I avtalen blei det lagt vekt på å ha jamleg kontakt mellom Helse Vest og KS i dei tre fylkeskommunane. I tillegg blei det kvar haust halde ein dagskonferanse med brei deltaking frå leiarnivå.

I avtalen har dei overordna føringane for samhandlingsreforma vore sentrale. Formålet med samhandlingsreforma er å bidra til tidleg hjelp, heilskap og samanheng og ei berekraftig helseteneste.

Avtalen skal bidra til å styrke samarbeidet mellom partane og gjere regionen betre i stand til å understøtte nasjonale mål og føringar.

I samråd med KS blei det våren 2019 semje med KS om å revidere no gjeldande avtale og laga ein ny møtestruktur med korte men hyppigare møter og med leiare frå både Helse Vest og helseføretaka og KS.

Partane vil kvart år prioritere område som det skal samarbeidast særskilt om. I denne avtalen er det peika på 3 slike område. Det er:

- «Barn og unges helseteneste» i Helse Fonna – utvikle tilsvarande samhandlingsforløp for barn og unge i alle føretaksområda i regionen.
- Utdanning og rekruttering av helsepersonell.
- Digitalisering av helsetenestene i tråd med nasjonale strategiar, føringar og løysingar.

Konklusjon

Samhandlingsreforma er ei retningsreform som blei sett i verk frå 2012. Intensjonane i reforma er fortsett like aktuelle.

Det er fortsatt utfordringar knytt til samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane om pasientar og pasientgrupper som har behov for tenester frå begge nivåa og samordning av planar.

Samhandling er såleis også eit hovudtema i forslag til ny Nasjonal helse- og sjukehusplan frå 2020 til 2023.

Avtalen må sjåast som ledd i arbeidet med å styrke samarbeidet i regionen og gjere regionen betre i stand til å understøtte nasjonale mål.

Vedlegg:
Intensjonsavtale mellom KS Vest og Helse Vest-Norge